



Even og bestefar på Sjøbris

Vi skriver feriemånaden juli frå i dag, men framleis er det liten trafikk til og frå båthamnane i Uskedalen. Grunnen er veret, seier folk. Og det er Ragnar Vågen frå Åkra einig i der han ligg med den gamle og flotte fiskebåten Sjøbris ved Sandakaien. Ragnar er ein av dei som verkeleg har sansen for å ta godt vare på verneverdige farkostar.



Staseleg båt frå 1937!

- Men ikkje for det, eg trivs også godt i Uskedalen fordi det er så roleg og avstressande her, seier Ragnar som har selskap med Even Bakka (9) denne dagen. Han er bestefaren til den unge 'matrosen' og dei stotrivs i lag. Det er ikkje første gongen dei er ute på tokt saman. Sjøbris heitte Hammerfisk før og båten har ei spennande historie bak seg. Den vart bygd i Nesna i Nord-Trøndelag i 1937 og er ikkje mykje endra opp gjennom åra. Båten vekkjer da også mykje og positiv oppsikt der han kjem og skipparen synes det er ille at så mange slike båtar går dukken fordi nye krav og nye kvotar tilseier det. Ikkje minst på 1970- og 1980-talet gjekk mange dukken.

Ragnar fortel at båten har hatt 5 eigarar opp gjennom åra, mellom anna på Møre og Halsnøy, før han for 10 år sidan vart kjøpt av Edvin og Hallvard Hammerø på Sunde. Der har han gått både i fiske og skuleskyss før Ragnar kjøpte han i mai i fjor. Brisling og makrell er to fiskeslag som er fanga av Hammerfisk.

Den noverande eigar har inga planar om å la han få nokon renessanse som fiskebåt - han skal berre nyttast som fritidsbåt og då til utflukter for vener og slektingar. Og med unnatak av ein tur til Haugesund har Ragnar ingen planar om langturar i år. Først har han stoppa i Fjæra, Fjellberg og Uskedalen.

Båten vil han ikkje endre mykje med unnatak av å leggja tak over bakparten og på den måten få ein liten salong. Båten har forresten vore gjennom ein operasjon då han vart kutta. Det var i tråd med visse reglar som seinare viste seg å vera utan hensikt.

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen